




Språktenesta for statsorgan



KORREKT
+ KLART

BOKMÅL
+ NYNORSK


Den statlege kommunikasjonspolitikken (2009) slår fast at språket i tekstar frå staten skal vere korrekt og klart, og at statstilsette skal følgje gjeldande reglar for rettskriving og målbruk.

Om språktenesta for statsorgan

Dei to hovudoppgåvene til språktenesta er å arbeide for betre og klarare forvaltningsspråk og for betre fordeling mellom nynorsk og bokmål i statlege tekstar. I Stortingsmelding 35 (2007–2008) heiter det at tenesta skal vere ein sentral aktør i det språklege kvalitetsarbeidet i staten.

Språktenesta skal

- fremje godt og føremålstenleg forvaltningsspråk generelt og nynorsk forvaltningsspråk spesielt
- halde kurs for statstilsette
- gje råd og rettleiing til statstilsette
- utarbeide og publisere informasjonsmateriell



Klarspråk

Med *klarspråk* meiner vi her korrekt, klart og brukartilpassa språk i tekstar frå det offentlege. Ein tekst er skriven i klarspråk dersom mottakarane

- finn det dei treng
- forstår det dei finn
- kan bruke det dei finn, til å gjere det dei skal

Stat og kommune gjev informasjon om rettar og plikter. Difor er det viktig at forvaltningsspråket er klart.

Språktenesta har fått eit særleg ansvar for å drive klarspråksarbeid i staten.

Både nynorsk og bokmål

Ifølgje *forskrift om målbruk i offentleg teneste* skal statsorgan som har heile landet som tenestekrins, syte for at begge målformer er representerte med minst 25 prosent i skriftleg informasjon til publikum. I tillegg skal skjema, brevmalar og rettleiingar finnast i begge målformer. I dag er det svært mange statsorgan som ikkje oppfyller desse krava.

Språktenesta kan hjelpe statsorgan i arbeidet med å fylle kravet om minst 25 prosent nynorsk.


Kva kan språktenesta tilby statsorgan?

- Vi held nynorsk kurs og klarspråkskurs for statstilsette.
- Vi svarar på språkspørsmål.
- Vi kan vurdere språket i sentrale, viktige tekstar.
- Vi kan gje råd om språket i dokumentmalar.
- Vi formidlar kontakt med språkkonsulentar.

Kursa våre

Kursa til språktenesta skal først og fremst vere hjelp til sjølvhjelp. Dei bør difor vere ein del av eit større og meir forpliktande arbeid som statsorgan utfører sjølve. Det er viktig at arbeidet har støtte hos leiinga, og at ein eller fleire frå leiinga deltek på kursa.

Kursa til språktenesta er gratis for statsorgan, men oppdragsgjeverane må dekkje eventuelle utgifter til reise og opphald. Til vanleg stiller vi med to kurshaldarar. Les meir om kursa på www.sprakradet.no > Tema > Språk i staten > Språktenesta for statsorgan.



Språktenesta for statsorgan

Språktenesta for statsorgan er ein del av Språkrådet og har fem rådgjevarar i full stilling.

Tenesta arbeider for klarare og betre språk i staten og jamnare fordeling mellom nynorsk og bokmål i statlege tekstar.

Statstilsette kan ta kontakt med oss på stat@sprakradet.no.

www.spraakradet.no

www.sprakradet.no

Under fana «Språk i staten» på Språkrådets nettstad kan du lese meir om oss og tenestene våre.

www.klarspraak.no

www.klarsprak.no

Her finn du mellom anna skriveråd, informasjon om statlege språkprosjekt og språkprofilar, undersøkingar, nynorsk-hjelp, språkquiz og mykje meir. Nettstaden er spesielt tilpassa statstilsette, men stoffet som ligg her, kan brukast av alle.

Språkrådet

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

E-post: post@sprakradet.no

Framsidedeilete: © iStockphoto / Tank Design

Utforming: Tank Design

Trykk: Konsis Grafisk

Opplag: 2000 (2011)